

Gaute D. Bøyum



Frå 30-års jubileet (Foto: Gaute D. Bøyum)

Årsmelding 2022

Årsmelding

Norsk Bremuseum & Ulltveit-Moe senter for klimavitenskap er ei sjølvfinansiert privat stifting. Museet har 754 levværtige medlemmar pr. 31.12.2022. Følgjande personar er æresmedlemmar: H.M. Dronning Sonja, Eilev Stang Lund, Marit Orheim Mauritzén (†), Olav Orheim og Øystein Trøseid. Alle byggverka på museet er signerte den verdskjende arkitekten Sverre Fehn.

Utvikling og fagleg verksemد

Utstillingane

I 2022 vart utstillinga om "Flyet i Bøyabreen" avduka ved ordførar i Sogndal kommune, Arnstein Menes, og leiar i Fjærland Næringsaksjeselskap, Laura Kvamme. I tillegg fekk vi gjort ein liten oppfrisking av området ved Ötzi-utstillinga, då "Flyet i Bøyabreen" vart baka inn kulissane. Totalt sett fungerte utstillingane i museet tilfredsstilande, og tilbakemeldingar frå mellom anna Google og TripAdvisor syner at gjestene framleis er godt nøgde med dei ulike delane av museet.

Informasjonsmateriell

Breturkartet, som syner oversikt over tuttilbod med førar på Jostedalsbreen, vart distribuert i eit opplag på 15 000. Bremuseet er ansvarleg utgjevar.

I 2022 heldt vi fram med drift og utvikling av felles heimeside for reiselivet i Fjærland.

Undervising og formidling

Bremuseet tilbyr undervisings- og ekskursjonshefte frå og med 3. trinn i grunnskulen til og med videregåande skule. Vi har også undervisingshefte på engelsk for videregåande elevar og studentar. Åleg inviterer vi skular som kan vere aktuelle for besøk til museet. Skuleklassane får tilbod om guida ekskursjon i det breforma landskapet i Fjærland, og undervisingsopplegg i museet med vekt på natur-geografi, klimakunnskap og brelære. Ved nokre høve er det òg blitt halde forelesing om bre og klima i feltstasjonen eller i kinoen etter ynske frå enkelte skular.


Museet og direktøren har også gjeve tilbod om korte foredrag for turistgrupper og andre organisasjonar som ynskjer dette. I 2022 kom det 29 grupper frå ulike skular og universitet til museet, og for første gong på to år fekk vi besøk av utanlandske elevar og studentar, mellom anna frå Italia, Nederland og Tyskland i tillegg til tre studentgrupper frå Høgskulen på Vestlandet.

I alt besøkte 686 skuleelevar og 1802 studentar Bremuseet i 2022. Dette er ei auke samanlikna med 2021, men også over nivået vi hadde pre-korona.

Sommaren 2022 tilbaud Bremuseet "Naturguiding" i Fjærland som ei vidareutvikling av prosjektet vi starta i 2020. Naturveglaen tok med seg familiær eller små grupper på inn til fem personar rundt i landskapet i bygda og fortalte om landskapsforming og brear.

Som ein del av det faglege arbeidet er Bremuseet også med i prosjektet "JOSTICE" som starta opp i 2019. "JOSTICE" er eit tverrfagleg prosjekt som skal forske på korleis bresmeltinga kan koma til å påverke både natur og samfunn knytt til Jostedalsbreen. Museet si rolle skal vera å formidle kunnskap frå prosjektet gjennom nye utstillingar, bidra under feltarbeid der det kan passe og ha god kontakt med forskarane frå ulike universitet og institusjonar.

Tre lokale barneskular frå Fjærland, Kaupanger og Skei vart i mai inviterte med på eit opplegg ved museet med gratis buss, museumsbesøk og ekskursjon med brehistoriar ved Supphellebreen. Dette var i høve 30-års jubileet til Jostedalsbreen Nasjonalpark.



I lågsesong, på våren og hausten, arrangerte vi foredragsserien "Forsking og friluftsliv i Fjærland sine områder av Jostedalsbreen Nasjonalpark", med fem foredrag i 2022. Dette gjekk ut på å vise lokalbefolkinga i Fjærland og omegn kva som har gått føre seg i fjella og på breen.

Utførte målinger

I oktober utførte Hallgeir Elvehøy i NVE den årlege frontposisjonsmålinga på Haugabreen. Den trakk seg 35 meter attende. Sidan oppstarten av frontmålingar i 2013 har brefronten totalt smelta 124 meter attende. Vettle Supphellebreen vart ikkje målt i 2022. Elles vert Bøyabreen og Store Supphellebreen framleis dokumentert ved årleg fotografering.

Anna verksemد

Bremuseet sitt undervisningsbygg, feltstasjonen, er veleigna for møter, kurs og konferansar for opp til 50 personar. I 2022 vart lokalet nytta til åtte ulike møter og tilstellingar.

Vedlikehald av bygningsmassen og uteområdet er eit kontinuerleg fokusområde for Bremuseet. I 2022 starta vi arbeidet med å måle alt treverket på museet utvendig. Fargen er noye valt ut til å vere så lik som den opprinnelige fargen på treverket. Her er gamle bilete nytta som mal i arbeidet.

Etter mange år med lekkasjar i taket, starta vi på slutten av 2022 eit prosjekt for å finne ei best mogeleg løysing for reparasjon og betring av isolasjonen. Prosjektet tek sikte på å få gjort nødvendige reparasjonar i 2023.

Museet arbeider vidare med utvikling av uteområdet ved krysset til riksvegen. Etter møte med kommunen i 2022, har vi fått råd om å utsetje vidare planlegging til den nye arealplanen i kommunen er vedteken.

Bremuseet er sertifisert som Miljøfyrtårn, eit arbeid som skal halde fram over tid og med målsetjing om å bidra til ei grønare og meir berekraftig framtid. Bremuseet skal vera ein trygg og god arbeidsplass. Fokus på energibruk og avfallshandtering er særleg viktig, samstundes som at alle i verksemda skal vera bevisste på miljøarbeid. I 2022 vart Bremuseet re-sertifisert som Miljøfyrtårn for tre nye år.

30-års jubileum

Norsk Bremuseum sitt 30-års jubileum vart arrangert 22. mai. H.M. Dronning Sonja var æresgjest. Arrangementet var ope for alle og kring 400 personar møtte opp. Feiringa vart eitt år forsinka grunna pandemien.

Tal besøkande og marknadsføring

I alt 49 314 personar vitja Bremuseet i 2022, ein auke på 32 972 frå året før. Det var kjekt å sjå at gjestene var attende etter pandemien. 18 % var frå Norge, tilsvarende andel som før pandemien. I tillegg var det 77 ulike nasjonalitetar innom museet. Andelen frå Tyskland var størst med 19 %, deretter Korea 13 %, Nederland 9 %, UK 8 % og USA 7 %. Elles er det verdt å merke seg at andelen enkeltreisande er større enn før pandemien. Det gler oss at ferja som frakter besøkande til Bremuseet og breen var tilbake for fullt i 2022 med litt fleire passasjerar enn i 2019.

Norsk Bremuseum jobbar kontinuerleg med å vere synlege og har i 2022 jobba opp mot turoperatørar i ulike marknadar, særleg på digitale flater. Museet har i tillegg eit tett og godt marknadsføringssamarbeid med Visit Sognefjord og Fjord Norge og har prioritert å bruke ressursar på sosiale media, heimeside, søke-motorar og elles vere synleg i media. Kvar sommar reiser vi rundt Jostedalsbreen sitt kjerneområde med brosjyrar til turistkontor, hotell og campingplassar.

Reiselivet i Fjærland fekk til eit godt samarbeid også i 2022. Bremuseet vil fortsetje å vere ein pådrivar for arbeidet med tilrettelegging og profilering av Fjærland som reiselivsdestinasjon.

Organisasjon og økonomi

Museet har fire heilårstilsette. I sommarsesongen var ytterlegare 11 personar tilsette på deltid. Arbeidsmiljøet er godt. Kari Bøyum Skeide gjekk over i pensjonistane sine rekkrar 1.4.2022, og vi takkar henne for ein flott innsats for museet i over 30 år.



Årsoverskotet i 2022 enda på omlag 3,5 millionar kroner før avskrivningar. Etter avskrivningar og finanspostar hadde museet eit overskot på 78 000 kroner. All langsiktig gjeld vart nedbetalt i 2022, og museet sit tilbake med god likviditet.

Arbeidet framover

Til opninga i 2023 vil vi få i stand ei utstilling kalla "Isbresmelting og havnivå". Bremuseet vil også arbeide vidare med utvikling av uteområdet ved krysset til riksvegen. Dette området vonar vi skal verha til glede og nytte for både bygda og museet.

Resultatrekneskap

<u>Sum driftsinntekter</u>	9 042 184
DRIFTSKOSTNADER	
Løner og andre driftsutgifter	5 514 872
Avskrivningar	3 279 235
Nedskrivning	200 000
<u>Sum driftskostnader</u>	8 994 107
Driftsresultat	48 077
Netto finansposter	30 459
ÅRSOVERSKOT	78 536

Balanse pr 1.1-31.12

ANLEGGSMIDLAR	
Tomt og bygninger	8 181 168
Inventar og utstillingar	6 749 391
<u>Sum anleggsmidlar</u>	14 930 559
OMLØPSMIDLAR	
	7 176 309
SUM EIGE	22 106 868
EIGENKAPITAL	
Stiftingskapital	200 000
Tilførte midlar	15 746 549
Opptjent kapital	5 055 764
Sum eigenkapital	21 002 313
GJELD	
Langsiktig gjeld	- 0
Kortsiktig gjeld	
Leverandørgjeld	53 781
Skuldig offentlege avgiftar	109 992
Anna kortsiktig gjeld	940 782
<u>Sum kortsiktig gjeld</u>	1 104 555
SUM GJELD	1 104 555
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	22 106 868

Fjærland 31.12.2022 / 2.6.2023


Atle Nesje
STYRELEIAR


Siri B. Hatlen
NESTLEIAR


Fanny Platou Amble
STYREMEDLEM


John Nyheim
STYREMEDLEM



Eline Orheim
STYREMEDLEM


Anne Mundal Skjelten
DAGLEG LEIAR

Flaumskredet ved Tverrdøla 2022

Landskapet i Fjærland er i konstant endring. Nokre landskapsendringar skjer roleg og sakte over hundrevis av år, medan andre er katastrofale hendingar som kan endre landskapet på minutt eller timer. Til den siste kategorien høyrer flaumskreda ved Tverrdøla nær Supphellebreen/Flatbreen

Den 11. og 12. november 2022 kom eit kraftig regnvær inn over Fjærland. Regnvêret var del av ei såkalla atmosfærisk elv, ei lang linje med fuktig luft oppe i atmosfæren. Elva vart danna av eit høgtrykk i Sentral-Europa og eit lågtrykk i Norskehavet som forma ein slags motorveg for varme, fuktige luftmassar frå subtropiske område til Vestlandet (figur 1).



Figur 1: Vassdamp i atmosfæren (blå farge) saman med trykk (svarte konturar). L og H markerer lågtrykk og høgtrykk, oransje pilar markerer retninga til vassdamptransporten, og oransje kryss markerer Fjærland. Slike atmosfæriske elver vert truleg meir intensive i framtida.

Då den fuktige lufta traff fjella på Vestlandet, blei den pressa opp og danna skyer som slapp ut store mengder nedbør. Kombinert med smelting av nysnø på breen resulterte dei store nedbørsmengdene i at vatn, stein og jord strøymde ned gjennom Tverrdøla og avsette materiale på marka nedanfor Tverrdøla (figur 2).



Figur 2: Brua over Tverrdøla fekk omfattande skader. Foto: Ivar Supphellen (faksimile Sogn Avis).

Samstundes fossa vatnet ned frå Supphellebreen (figur 3) og førte til flaum og materielle skadar i Supphelledalen. Heldigvis blei det ikkje så ekstremt som under den store flaumen den 8. mai 2004, då smeltevatnet braut gjennom ein morenerygg ved Flatbreen og ein bredemt sjø blei tappa ut gjennom Tverrdøla i løpet av kort tid. Ei slik plutselig tapping av ein bredemt sjø kallast eit jøkullaup.



Figur 3: Biletet syner store mengder vatn som renn ut frå Supphellebreen den 11. november. Foto: Ivar Supphellen.

Hendinga i 2004 laga ei kløft i moreneryggen der vatnet i bakkant til vanleg kan renne ut dersom det når eit visst nivå. Hadde ikkje vatnet brote gjennom moreneryggen i 2004, så hadde det kanskje skjedd under det kraftige regnvêret i 2022. Men den bredemte sjøen påverka likevel desse hendingane.

Kvar sommar dannast ein smeltevasskanal under breen som leier vatnet frå sjøen bort til fronten av Supphellebreen. Når det ute på hausten ikkje er meir smeltevatt til å halde kanalen open vert breisen rundt kanalen langsamt deformert slik at kanalopninga minkar, samstundes med at delar av taket i kanalen ofte kollapsar. Den bredemte sjøen var difor nesten tømt før det kraftige regnvêret, men fylte seg fort opp, så vatnet frå sjøen fossa ut både gjennom Tverrdøla og kanalen til Supphellebreen. Så snart nedbørsmengda minka blei sjøen igjen raskt tappa gjennom kanalen til Supphellebreen.

Dette forlopet forklarar kvifor vi i dagane etter flaumskredet fann store etterlatne isblokker på breoverflata langs kanten av den bre-dechte sjøen, som spor etter eit jøkullaup (figur 4).



Figur 4: Breetronten av Flatbreen kollapsa truleg då bresjøen vart fylt og tømt på relativt kort tid. Som eit resultat, ser me kollapsa is og isblokker liggjande att som eit typisk spor etter jøkullaup. Foto: Simon de Villiers.

Det finst erosjonsspor frå flaumskredet både i nærlieken av moreneryggen og lengre nede langs Tverrdøla, men desse er nokså små samanlikna med spora etter jøkullaupet i 2004. Det kraftige regnvêret førte også til at dei bratte sidene til Tverrdøla rasa ut fleire stader og øydeløste stien mot Flatbrehytta. Desse jord-skreda vart truleg utløyst av sjølvregnvêret, men det kan ikkje utelukkast at erosjonen frå flaumskredet gjennom Tverrdøla også hadde ein destabiliseringande effekt. Eit litt pussig samantreff er at det tidlegare er observert eit større flaumskred frå Tverrdøla den 11. november 1947 - same dato som flaumskredet i 2022.

Av Jacob Yde, Paula Snook, Simon de Villiers, Thomas Scheiber, Marthe Gjerde, Kamilla Sjursen, Kristine Flacké Haualand, Alexander Maschler og Stein Bondevik (alle tilknytt HVL Sogndal).

Stiftinga Norsk Bremuseum

Stiftinga Norsk Bremuseum & Ulltveit Moe senter for klimavitnen blei oppretta 30. november 1989 av Den Norske Turistforening, International Glaciological Society, Norges vassdrags- og energidirektorat, Norsk Polarinstitutt, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Universitetet i Bergen og Universitetet i Oslo. Formålet med stiftinga er å samle, skape og spreie kunnskap om bre og klima. Stiftinga si verksmed omfattar naturvitenskaplege og kulturhistoriske fagfelt, samspelet i naturen og samspelet mellom menneske og natur. Stiftinga skal dekke informasjonstrøgen til dei som kan lite om brear og klima og til deg som kan mykle om brear og klima.

Norsk bremuseum er eit autorisert besøkssenter for Jostedalsbreen nasjonalpark.

VI STØTTAR NORSK BREMUSEUM

Miljø- direktoratet

Sparebanken Vest

Norsk Bremuseum NO-6848 Fjærland Tel. 57 69 32 88

E-post: post@bre.museum.no www.bre.museum.no

BRE OG KLIMA- kunnskap til ettertanke



Besøkssenter
Jostedalsbreen nasjonalpark

Fjærland